

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/8037-2

### Kommunale næringsfond 2015 - tildeling nr. 2

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

#### Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. HAFS Utvikling AS får innvilga søknad om stimuleringstilskot for felles næringsfond og førstelineteneste til ein samla sum på kr. 250 000 i 2015. Stimuleringstilskota vert fordelt slik:
  - Kommunane Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 50 000 kvar for felles næringsfond i 2015.
  - Kommunane Askvoll, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 50 000 kvar for felles førstelineteneste i 2015.
2. Tilskotet vert dekkja med avsette midlar til kommunale næringsfond i 2015, tenesteområde 7015 Nyskaping.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

HPN-sak 19/15

Protokoll HPN-sak 19/15

Søknad frå HAFS Utvikling AS

Retningsliner for kommunale næringsfond (Sogn og Fjordane) gjeldande frå 5.2.2014 (nye frå 1.1.2016).

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Retningsliner kap. 551, post 60 og 61

Notat om arbeidsdeling i finansieringssaker

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Kort om ordninga kommunale næringsfond

Sogn og Fjordane fylkeskommune tildeler midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal bidra til å utvikle kommunane til å verte betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv. Fylkeskommunen har eit stort ansvar og ei viktig rolle i dette arbeidet.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane blir omfatta av ordninga med kommunale næringsfond. Nokre kommunar fell likevel utafør ordninga som følgje av at dei har kraftinntekter over gitte beløpsgrenser (storleiken på konsesjonsavgifta).

### 2. Bakgrunn

#### 2.1 Bakgrunn for at saka er reist

Fylkestinget sette i sak 50/14, Budsjett 2015/Økonomiplan 2016 (17-18), av 11,33 mill. kr til kommunale næringsfond i 2015. I HPN sak 19/15 (vedlagt) vart 11,03 mill. kr tildelt kommunar i fylket (kommunar med konsesjonsavgift under 2 mill. kr), medan det vart sett av kr. 300 000 som seinare kunne nyttast til stimuleringstilskot til kommunane i HAFS Utvikling AS.

Bakgrunnen for at denne saka er reist er at HAFS Utvikling AS søker om stimuleringstilskot for felles næringsfond for kommunane Fjaler og Solund. HAFS Utvikling AS søker også om stimuleringstilskot for felles førstelineteneste, då for kommunane Askvoll, Fjaler og Solund.

#### 2.2 Føringar for næringsfond i Sogn og Fjordane

##### Gjeldande retningsliner

Kommunar som får tilført midlar til kommunale næringsfond frå fylkeskommunen må til ei kvar tid fylgje regelverket for regionale utviklingsmidlar over Statsbudsjettet kap. 551, post 60 og 61 (retningsliner og ei forskrift), retningsliner for kommunale næringsfond frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, eit notat for rolledeling i finansieringssaker (mellom kommunane og Innovasjon Norge), samt statens økonomiregelverk og sjølvsgt lover som til dømes forvaltningslova og innkjøpslova.

Hovudutvalet for plan og næring vedtok nye retningsliner for kommunale næringsfond i møte 5. februar 2014. Ein mindre revisjon av retningslinene, gjeldande frå 1.januar 2016, vert vedteke av hovudutval for næring og kultur 24.november 2015.

Vi går her kort igjennom nokre sentrale krav og vilkår for tildeling av midlar for kommunale næringsfond.

Kommunar som har inntekter frå konsesjonsavgift mindre enn 2 mill. kr, kjem automatisk inn under ordninga. Kommunar som kjem inn under ordninga må oppfylle fire krav for å få tildelt midlar. Dei må ha:

- retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet
- eit tilfredstillande næringsapparat, der minimum ein person i 50 % stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinetenesta og kontaktinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa
- ein strategi for næringsutvikling og
- årsrapport

Det er gitt utfyllande vilkår for kvart av desse punkta i retningslinene.

Retningslinene opnar for stimuleringstilskot for felles førstelineteneste og felles næringsfond:

- Kommunar som kan dokumentere at dei har felles førstelineteneste med andre kommunar kan få inntil kr. 100 000 i stimuleringsstilskot kvar.
- Kommunar som har felles næringsfond kan også få inntil kr. 100 000 kvar i stimuleringsstilskot. For å få full utteljing vert det føresett at alle fondsmidlar vert lagt inn i eit felles fond. Det er høve til å etablere regionale fond også over fylkesgrensene.

Stimuleringsstilskotet skal leggst på fondet, og skal ikkje gå til administrasjonskostnader. Det er sjølvsagt ein føresetnad at kommunen sørgjer for finansiering av førstelinetenesta som ikkje er i strid med regelverket.

Alle kommunane i fylket kan få stimuleringsstilskot.

Når stimuleringsstilskota er fordelt, vil 60 % av dei resterande midla bli fordelt likt mellom kommunar som oppfyller krava til å få løyvd midlar til kommunale næringsfond, dei siste 40 % av midlane vert fordelt på grunnlag av folketal i kommunane.

### **3. Søknadar om stimuleringsstilskot 2. halvdel av 2015**

#### **HAFS Utvikling AS**

Næringslivet sine interesseorganisasjonar i Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund har samane med kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund og næringssselskapet Lutelandet Utvikling AS vorte samde om å skipe eit felles utviklingsselskap, HAFS Utvikling AS (sjå vedlegg).

HAFS Utvikling AS har vore operative sidan 01.07.15, og vil med tid utføre førstelineteneste og forvalte felles næringsfond for kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund.

Fjaler og Solund kommune har inngått avtale (gjeldande frå 01.07.15) med HAFS Utvikling AS om felles næringsfond og førstelineteneste (sjå vedlegg).

Askvoll kommune har omstillingsstatus ut 2016 og vil gjennom omstillingsstyret disponere sitt næringsfond også i 2016. Kommunen har inngått avtale med HAFS Utvikling AS om førstelineteneste. Frå 01.07.15 har førstelinetenesta i Askvoll kommune vore utført personell tilsett i HAFS Utvikling AS

Hyllestad har omstillingsstatus ut 2015, og vil først inngå avtale frå 01.01.16. Handsaming av denne avtalen vert gjort i kommunestyremøte i desember. Søknaden vi no har fått i frå HAFS Utvikling AS gjeld stimuleringsstilskot i 2015 og omfattar derfor ikkje Hyllestad.

HAFS Utvikling AS søker om følgjande stimuleringsstilskot for 2015:

#### Stimuleringsstilskot for felles næringsfond

Fjaler og Solund, halvt år: kr. 100 000 x 2 x 0,5 år = kr. 100 000.

#### Stimuleringsstilskot for felles førstelineteneste

Askvoll, Fjaler og Solund, halvt år: kr. 100 000 x 3 x 0,5 år = kr. 150 000.

Samla søknadssum: kr. 250 000.

### **4. Vurdering**

Kommunestyret for både Fjaler og Solund har godkjent avtalen med HAFS Utvikling AS (vedlagt). Fjaler og Solund kommune bør derfor få halvt stimuleringsstilskot for felles næringsfond i 2015, som tilsvarar kr. 50 000 per kommune.

Når det gjeld stimuleringsstilskot for felles førstelineteneste vert spørsmålet om søkjaren har eit «felles førstelineteneste» som ordlyden i retningslinene seier.

Det er ingen tvil om at Hafs Utvikling oppfyller dette kravet for kommunane, då tiltaksmedarbeidarane for kommunane Askvoll, Fjaler og Solund er overførte til HAFS Utvikling

AS. Det er dermed klart at kommunane Askvoll, Fjaler og Solund bør få halvt stimuleringsstilskot for felles førstelineteneste i 2015, som tilsvarar kr. 50 000 per kommune.

## **5. Konklusjon/tilråding**

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

HAFS Utvikling AS får innvilga søknad om stimuleringsstilskot for felles næringsfond og førstelineteneste til ein samla sum på kr. 250 000. Stimuleringsstilskota vert fordelt slik:

- Kommunane Fjaler og Solund får eit stimuleringsstilskot på kr. 50 000 kvar for felles næringsfond i 2015.
- Kommunane Askvoll, Fjaler og Solund får eit stimuleringsstilskot på kr. 50 000 kvar for felles førstelineteneste i 2015.

Tilskotet vert dekkja med avsette midlar til kommunale næringsfond i 2015, tenesteområde 7015 Nyskaping.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)